

# Restaurering av Bykle Kyrkje 2001/2002

## Delrapport

Viser til tiltaksrapport frå Anders Haslestad, Riksantikvaren, 10 mai 2001 (synfaring)

Visert til rapport frå Daniel Addey-Jibb, 1 juli 2001 (engelsk)

Viser til målingsrapport, Gunnar Gundersen, Frolands Verk, 15 august 2001

Viser til murarrapport frå Lars W. Sørensen, Grimstad.

---

Utvendig kledning vart demontera på vegg nr. 1-3 YC - Y og CCC.

Vegg nr. 1.

Dørsvilla vart rekonstruera. Skifta dei mest råteskadde veggborda. Restaurera huri med terskel.

Vegg nr. 3.

Svilla vart spunsa i nedkant på grunn av råteskade. Skifta dei meste råteskadde veggborda.

Vegg YC

Svilla vart spunsa i nedkant på grunn av råteskade. Skifta dei mest råteskadde veggbord.

Vegg CCC

Svilla vart spunsa i nedkant på grunn av råteskade. Skifta dei mest råteskadde veggbord.

Det vart bruka handsmidde spiker.

### TILE I VÅPENHUSET

Bjelkelaget vart skifta på grunn av råteskade. Fjerna ein del jord i grunnen på grunn av fare for råteskade. Skifta 5 stk. golvtiler på grunn av råteskade ved inngangshuri.

### MÅLING

All utvendig kledning vart grundig skrapa og vaska med KRAFT VASK og spylt med vatn. Viser til målingsrapport frå Malermester Gunnar Gundersen, Frolands Verk.

### MURING

Murabeid vart utført av Lars W. Sørensen, Grimstad. Viser til murarrapport.

Betongmuren vart fjerna av kommunen i 2000 etter krav frå Riksantikvaren.

### INNGONGSPARTIET

Gamle trappa (betong) og dei små hellene mot porten vart fjerna. Dei nye hellene vart funne i Støyledalen på egedomen til Svein Tveiten. Hella framfor huri er den originale. Dei små hellene er lagra på muren på sørsida av porten. Porten er måla på nytt, med same målinga som på kyrkja. Fronten på våpenhuset manglar seiste målingsstrøk. Utsett til våren 2002.

## TREMATERIALER

Desse er levera av Tradisjonsbygg Morgedal. Materialane som ikkje er bruka er selt til Henriksentunet og Setesdalsmuseet. Kledningsborda er lagra under taket ved gamleskulen. Kjem til å bruke ein del bord til tårnet i 2002. Trematerialane er av svært god kvalitet.

---

Desse har vore med:

Daniel Addy Jibb, Gunnar Gundersen, Lars W. Sørensen, Trygve Gjerden, Magne Berdalen, Hilmar Haugen, Mai Britt Trydal, Tor Hallvard Mosdøl, Knut Arne Trydal, Åsmund Haslemo, og Olav H. Rygnestad.

Sluttrapporten vert dokumentert med foto når tårnet er ferdig i 2002.

(sign.)

Olav H. Rygnestad

Systog Rygnestad

18 oktober 2001